

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 16.10.2015
Stad: Nes, Nes kommune, kommunestyresalen

Desse møtte frå Regionrådet:

Petter Rukke,	Hol kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
Ulrikke Ytteborg, prosjektleiar Regionrådet for Hallingdal

Frå Buskerud fylkeskommune møtte:

Anne Sandum, fylkeskontakt
Tom Hauger, fylkeskontakt
Tore Gilhuus, regionkontakt

Frå rådmannsutvalet deltok:

Tone Tveito Eidnes,	Ål kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Ole Johnny Stavn,	Hemsedal kommune
Torbjørn Hansen,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

SAK 44/11 VAL AV RÅDSORDFØRAR OG VARAORDFØRAR

Vedtak

Etter framlegg frå Tor Egil Buøen vart:
Oddvar Grøthe samrøystes valt som rådsordførar for neste 4-års periode.

Petter Rukke fremma forslag om Solveig Vestenfor som varaordførar.
Solveig Vestenfor vart samrøystes valt som varaordførar for neste 4-års periode.

SAK 45/15 ORIENTERING OM ARBIDET I REGIONRÅDET

Dagleg leiar Knut Arne Gurigard og prosjektleiar Ulrikke Ytteborg orienterte om arbeidet i Regionrådet, presentasjon vedlagt.

SAK 46/15 BYREGIONPROGRAMMET

Saka vart utsett til neste møte

SAK 47/15 VAL AV REPRESENTANTAR TIL DIVERSE FORA

Saka vart utsett til neste møte

SAK 48/15 HALLINGTINGET 29 – 30.10

Rådsordfører og dagleg leiar drøftar nærare opplegg fort Hallingtinget.

SAK 49/15 ÅRSBUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016 – 2019**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjer slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2016, med ei kommunal finansiering på kr. 1.790.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2015, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2016 – 2019. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2016.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den ein skilde kommune.

SAK 50/15 HALLINGDAL TINGRETT – FELLES RETTSSENTER FOR HALLINGDAL**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal oppmodar Domstoladministrasjonen til å gjera ei nærare vurdering av mogelegheiter for eit rettssenter i Hallingdal, der følgjande blir vurdert:
 - a. Dagens og framtidig rombehov for eit rettssenter i Hallingdal
 - b. Avklare om tilgrensande kommunar kan lokalisert til Hallingdal
 - c. Gevinstar ved samlokalisering, event. også med felles forliksråd for Hallingdal
 - d. Infrastruktur IKT
 - e. Nærare vurdering av kva reell husleige kan bli
2. Regionrådet for Hallingdal vil gjera ei vurdering av:
 - a. Samfunnsøkonomiske konsekvensar ved ei lokalisering av tingrett for Hallingdal på Hønefoss
 - b. Synleggjera mogelegheiter og konsekvensar ved utvikling av rettssenter i Hallingdal, alternativt fjerning av tingretten frå Hallingdal.
3. Regionrådet for Hallingdal avklarar aktuelle alliansar med tilsvarande regionar som er i same situasjon som Hallingdal
4. Regionrådet for Hallingdal tek politiske initiativ for å synleggjera mogelegheiter og konsekvensar ved utvikling av rettssenter i Hallingdal, alternativt fjerning av tingretten frå Hallingdal

SAK 51/15 MØTEPLAN 2016

Saka vart utsett til neste møte

SAK 52/15 EVENTUELT

Høyring om administrasjonsstadar i nye politidistrikt

Vedtak

Dagleg leiar utarbeidar forslag til høyringsuttale om administrasjonsstadar i nye politidistrikt til neste regionrådsmøte (28.10.2015).

SAK 53/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL

Vedtak

Protokollen er godkjent.

Nes 16.10.2015

Petter Rukke, Hol kommune

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune